



DET KONGELEGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

# Prop. 4 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringer i folketrygdlova  
(tredeling av foreldrepengeperioden  
ved 80 prosent uttak)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	5	<b>4</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	11
<b>2</b>	<b>Høringa</b> .....	5	<b>5</b>	<b>Merknader til dei enkelte føresegnene</b> .....	11
<b>3</b>	<b>Utviding av mødre- og fedrekvoten ved redusert sats (80. pst. lønsdekning)</b> .....	7		<b>Forslag til lov om endringar i folketrygdlova (tredeling av foreldrepengeperioden ved 80 prosent uttak)</b> .....	13
3.1	Gjeldande rett .....	7			
3.2	Nordisk rett .....	8			
3.3	Bakgrunnen for lovforslaget .....	8			
3.4	Forslaget i høyringsnotatet .....	8			
3.5	Høyringsinstansane sitt syn .....	8			
3.6	Departementet sine vurderingar og forslag .....	10			





DET KONGELEGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

# Prop. 4 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i folketrygdlova (tredeling av foreldrepengeperioden ved 80 prosent uttak)

*Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet 5. oktober 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

Barne- og likestillingsdepartementet legg fram eit forslag til endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) kapittel 14 om ytelser ved fødsel og adopsjon.

Departementet foreslår å auke kvar av dei øyremerkte delane til 19 veker når foreldra vel ein dekningsgrad på 80 prosent av foreldrepengegrunnlaget (reduert sats). Dette inneber ikkje endringar i lengda på stønadsperioden etter fødsel, som er 56 veker. Den delen av stønadsperioden som foreldra står fritt til å dele, blir såleis redusert frå 26 veker til 18 veker. Når foreldra vel ein dekningsgrad på 100 prosent av foreldrepengegrunnlaget (full sats), vert det ikkje endring i dei øyremerkte delane.

Departementet følgjer i denne omgang ikkje opp forslaget om å endre omgrepa «mødrekvote» og «fedrekvote» til «mors del» og «fars del». Departementet vil greie ut dette vidare.

Departementet foreslår at endringane skal få verknad for dei tilfella der uttak av stønadsperioden startar 1. januar 2019 eller seinare.

Denne proposisjonen er ledd to i innfasinga av punktet i regjeringa si politiske plattform om at foreldrepermisjonen skal verte delt i tre like delar.

### **2 Høyringa**

Forslaget om eigne kvotar for 80 prosent uttak av foreldrepengegrunnlaget og endring av kvoteomgrepet blei sendt på offentleg høyring 23. mai 2018, med frist for å kome med tilbakemeldingar den 4. juli 2018. Høyringsnotatet vart sendt til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Arbeidstilsynet  
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
Barneombodet  
Domstolsadministrasjonen  
Direktoratet for økonomistyring  
Folkehelseinstituttet  
Helsedirektoratet  
Husbanken  
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet  
Likestillings- og diskrimineringsombudet  
Lånekassen  
Nasjonal kompetansetjeneste for amming  
Nord universitet  
Regjeringsadvokaten  
Riksrevisjonen  
Sametinget

Sivilombudsmannen	Juss-Buss – Juss-studentenes rettsinformasjon
Skattedirektoratet	Jussformidlingen i Bergen
Statens helsetilsyn	Jusshjelpa i Nord-Norge
Statistisk sentralbyrå	Kanvas
Statped – Statlig spesialpedagogisk tjeneste	Kidsa barnehager
Sysselmannen på Svalbard	Kommunesektorens organisasjon
UiT Norges arktiske universitet	Kompetanse Norge
Universitetet i Agder	Kristne friskolers forbund
Universitetet i Bergen	KUN Senter for kunnskap og likestilling
Universitetet i Oslo	Kvinnefronten
Universitetet i Stavanger	Kvinnegruppa Ottar
Utdanningsdirektoratet	Landsorganisasjonen i Norge
Utlendingsdirektoratet	Leieboerforeningen
Adopsjonsforum	Likestillingssenteret
Akademikerne	LIM (Likestilling, Integrering, Mangfold)
Aleneforeldreforeningen	LIN (Likestilling, inkludering og nettverk)
Amnesty International Norge	LNU – Norges barne- og ungdomsorganisasjoner
ANSA – Association of Norwegian students abroad	Læringsverkstedet
Arbeidsgiverforeningen Spekter	Mannsforum
BarneVakten	Minotenk
Bedriftsforbundet	MiRA ressurscenter for kvinner med minoritets- bakgrunn
Caritas Norge	Multikulturelt Initiativ- og Ressursnettverk
Den Norske Advokatforening	Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO)
Den norske dommerforening	Negotia
Den norske jordmorforening	Nettverket! for SFO
Elevorganisasjonen	NITO – Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
Ensliges Landsforbund	Norges blindforbund
Espir	Norges bygdekvinnelag
Fafo – Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning	Norges forskningsråd
Fagforbundet	Norges Handelshøyskole
Fellesorganisasjonen	Norges Handikapforbund
Finans Norge	Norges Hindu Kultur Senter
Foreldreutvalget for barnehager	Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund
Foreldreutvalget for grunnopplæringen	Norges kristne råd
Foreningen 2 Foreldre	Norges Kvinne- og familieforbund
Foreningen for kvinne- og kjønnsforskning i Norge	Norges kvinneobby
Forum for barnekonvensjonen	Norges Røde Kors
Forum for menn og omsorg – FMO	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitets- mangfold	Norlandia Barnehagene
Frivillighet Norge	Norsk Attføringsforum
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon	Norsk Folkehjelp
FUS-barnehagene	Norsk Forbund for utviklingshemmede
Hovedorganisasjonen Virke	Norsk Innvandrerforum
Human Rights Service	Norsk kvinnesaksforening
Human-Etisk forbund	Norsk Montessoriforbund
IKO – Kirkelig pedagogisk senter	Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS)
Innvandrerne landsorganisasjon	Norsk Psykologforening
InorAdopt	Norsk senter for menneskerettigheter
Institutt for samfunnsforskning	Norsk Studentorganisasjon
Internasjonal Helse og Sosialgruppe	Norsk sykepleierforbund
Juridisk rådgivning for kvinner	Norsk Tjenestemannslag
	Norsk Øko-Forum
	Norske kvinners sanitetsforening

Norske samers riksforbund  
 NUBU – Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge AS  
 Næringslivets Hovedorganisasjon  
 Organisasjonen mot offentlig diskriminering  
 Oslo katolske bispedømme  
 Private barnehagers landsforbund  
 Redd Barna  
 Reform – Ressurssenter for menn  
 Rådet for psykisk helse  
 Samarbeidsforum mot fattigdom i Norge  
 Samarbeidsforumet av funksjonshemmede organisasjoner  
 Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (STL)  
 Selvhjelp for innvandrere og flyktninger  
 Senter for velferds- og arbeidslivsforskning  
 Skattebetalerforeningen  
 Steinerbarnehageforbundet  
 Steinerskoleforbundet  
 Stiftelsen Barnas rettigheter  
 Stiftelsen Kirkens familievern  
 Stiftelsen Rettferd for taperne  
 Stine Sofies Stiftelse  
 Trygge Barnehager  
 Tvillingforeldreforeningen  
 Uføres Landsorganisasjon  
 Unge funksjonshemmede  
 UNICEF Norge  
 UNIO – Hovedorganisasjon for universitets- og høyskoleutdannede  
 Utdanningsforbundet  
 Velferdsalliansen  
 Verdens barn  
 Verdensorganisasjonen for små barns oppvekst og danning (OMEP)  
 Voksne for barn  
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund

Desse instansane har gitt realitetsmerknader til forslaga:

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
 Helsedirektoratet  
 Integrerings- og mangfoldsdirektoratet  
 Nasjonal kompetansetjeneste for amming  
 NAV Øvre Eiker  
 NTNU  
 Universitetet i Oslo

Adopsjonsforum  
 Akademikerne  
 Aleneforeldreforeningen  
 Ammehjelpen  
 Arbeidsgiverforeningen Spekter

Den norske advokatforening  
 Fagforbundet  
 Finans Norge  
 Foreningen 2 foreldre  
 FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold  
 Jordmorforbundet  
 Kanvas  
 Likestillingssenteret  
 LO  
 Norges kvinne- og familieforbund  
 Norsk psykologforening  
 Reform – ressursenter for menn  
 Stiftelsen barnas rettigheter  
 Tekna – Teknisk-naturvitenskapelig forening  
 Unio  
 Voksne for barn

### 3 Utviding av mødre- og fedrekvoten ved redusert sats (80. pst. lønsdekning)

#### 3.1 Gjeldande rett

Foreldrepengeordninga er regulert i kapittel 14 i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven). Lengda på stønadsperioden er avhengig av om foreldra vel å ta ut foreldrepengar med ein dekningsgrad på 100 prosent (full sats) eller 80 prosent (redusert sats) av foreldrepengegrunnlaget, jf. folketrygdlova § 14-9. Den totale stønadsperioden ved fødsel er 49 veker med full sats og 59 veker med redusert sats. Ved adopsjon er den totale stønadsperioden 46 veker med full sats og 56 veker med redusert sats.

Stønadsperioden etter ein fødsel og adopsjon, er delt i tre delar: 15 veker er øyremerkt mor og 15 veker er øyremerkt far. Desse vekene er i folketrygdlova omtala som mødre- og fedrekvoten. Dei resterande vekene kan foreldra dele fritt mellom seg, dersom vilkåra for det er oppfylt (heretter omtalt som fellesdelen). Ved fødsel har mor i tillegg rett til 3 veker med foreldrepengar før fødselen og 6 veker etter fødselen. Disse 6 vekene inngår i mødrekvoten. Dette følgjer av § 14-9 femte ledd.

Mødre- og fedrekvoten har sidan 1. juli 2018 vore 15 veker både når foreldra vel full eller redusert sats. Fellesdelen er 16 veker ved full sats og 26 veker ved redusert sats. Storleiken på fellesdelen varierer med andre ord etter kva for ein dekningsgrad foreldra vel.

Som hovudregel mistar foreldra veker med foreldrepengar, dersom mor eller far ikkje nyttar

seg av heile eller delar av si kvote. Unntak gjeld til dømes dersom den eine forelderen på grunn av sjukdom eller skade er avhengig av hjelp til å ta seg av barnet, jf. folketrygdlova § 14-12 tredje ledd. I slike tilfelle kan den eine forelderen overføre si kvote til den andre forelderen.

Foreldra kan utsetje uttaket av kvotene dersom visse vilkår er oppfylte. Dette gjeld til dømes dersom den som har rett til foreldrepenge er i heiltidsarbeid eller barnet er innlagt i helseinstitusjon, jf. folketrygdlova § 14-11.

### 3.2 Nordisk rett

I Danmark er stønadspanoden med foreldrepenge 50 veker, der 18 av desse er øyremerka mor. Foreldra avgjer sjølv fordelinga av dei 32 resterande vekene.

På Island er stønadspanoden med foreldrepenge ni månadar. Perioden er tredelt ved at kvar av foreldra har tre månadar øyremerkt til seg og tre månadar som foreldra kan dele fritt mellom seg.

I Sverige er stønadspanoden med foreldrepenge på totalt 480 dagar (om lag 16 månadar). Foreldra har rett til halvparten av stønadspanoden kvar. Foreldra kan overføre sin del av stønadspanoden til den andre, med unntak av tre månadar som er øyremerkt kvar av foreldra. Desse kvotene blei endra i 2016 frå to månadar.

### 3.3 Bakgrunnen for lovforslaget

I regjeringa si politiske plattform frå 14. januar 2018 (Jeløya-plattform) kjem det fram at regjeringa vil at «foreldrepermisjonen deles i tre like deler». Regjeringa følgde dette opp ved å fremje eit forslag om å utvide mødre- og fedrekvoten frå 10 til 15 veker i Prop. 74 L (2017–2018). Lovendringa tredde i kraft 1. juli 2018. Stønadspanoden er no delt i tre like delar ved full sats, men ikkje ved redusert sats.

Departementet føreslår å utvide både mødre- og fedrekvoten til 19 veker ved redusert sats. Forslaget inneber at stønadspanoden vert delt i tre like delar, uavhengig av kva for ein dekningsgrad foreldra vel.

### 3.4 Forslaget i høyringsnotatet

Departementet føreslo å innføre ei eiga føresegn for uttak av foreldrepenge med redusert sats. Forslaget inneber ikkje noka endring i lengda på stønadspanoden, verken ved full eller redusert sats.

Ved uttak med redusert sats er stønadspanoden totalt 59 veker. Den som føder barnet må ta ut 3 av desse 59 vekene før termin. Forslaget går ut på at dei 56 attverande vekene skal bli fordelte slik mellom foreldra: kvar av foreldra får 19 veker øyremerkt til seg. Dei resterande 18 vekene kan foreldra dele fritt mellom seg.

### 3.5 Høyringsinstansane sitt syn

Av dei 28 høyringsinstansane som har kommentarar til forslaget, er det 22 instansar som støttar forslaget heilt eller delvis, og 8 instansar som ikkje støttar forslaget. Dei som støttar forslaget grunnir dette særleg med omsynet til eit likestilt arbeids- og familieliv. Fleire av dei som er imot forslaget, tek opp høvet for kvinner til å amme i tråd med nasjonale retningslinjer.

Av arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar som har kommentert forslaget, er det berre *Fagforbundet* som er negative. Desse støttar forslaget: *LO, Unio, Akademikerne, Arbeidsgiverforeningen Spekter* og *Finans Norge*.

*LO, Akademikerne* og *Den norske advokatforening* meiner at forslaget vil bidra til eit likestilt arbeidsliv. *Finans Norge* seier følgjande:

«Vi støtter forslaget om en egen bestemmelse om uttak av foreldrepenge med 80 prosent sats, slik at foreldrepengeperioden består av tre like deler. Dette vil samsvare med reglene ved 100 prosent uttak og er et bidrag i arbeidet om økt likestilling både i arbeidslivet og i hjemmet.»

*Arbeidsgiverorganisasjonen Spekter* støttar forslaget, og skriv:

«Helt siden fedrekvoten ble redusert fra 14 til 10 uker i forrige stortingsperiode har Spekter argumentert med at dette var et skritt i feil retning i arbeidet for likestilling i både hjemmet og i arbeidslivet. Ny statistikk fra Statistisk Sentralbyrå bekrefter også at fedre nå tar ut færre uker pappaperm enn før reduksjonen. Spekter har derfor støttet forslaget som nå er under behandling i Stortinget om å øke kvotene til 15 uker hver for mor og far, og en fellesdel på 16 uker. Vi støtter derfor også departementets forslag om å gjøre tilsvarende ved 80 prosent uttak. Vi har tro på at dette vil bedre likestillingen og vil bidra til at flere kvinner vil komme tidligere tilbake i arbeid enn de ellers ville gjort.»



Forslaget vert derimot ikkje støtta av arbeidstakarorganisasjonen *Fagforbundet*, som meiner at forslaget ikkje tek omsyn til at kvinner har eit behov for restitusjon etter fødsel for å ta hand om si eiga helse. Forslaget bidreg ifølgje *Fagforbundet* difor ikkje til å fremje likestilling:

«Fagforbundet støtter derfor prinsippet om en likere deling av foreldrepermisjonen og forslagens endring av begreper, men ikke forslagens kjønnsnøytrale innretning eller den fordelingsmessige virkningen som gjør at kvinners særskilte behov for vern i forbindelse med svangerskap og fødsel ikke ivaretas særskilt, og holdes utenfor «regnestykket».

Vi mener også det er en svakhet ved høringsnotatet at behovet for restitusjon i forbindelse med svangerskap og fødsel samt anbefalingene om amming beskrives som ivaretatt dersom hun tar de syv første månedene av foreldrepermisjonen, dvs. mors del og hele fellesperioden. Selv om kvinner i praksis tar ut mesteparten eller hele fellesdelen, kan en ikke legge det til grunn at praksis er tilstrekkelig for å ivareta kvinners særskilte behov for vern.»

*Arbeids- og velferdsdirektoratet, Bufdir, Likestillingscenteret, Universitet i Oslo (UiO) og Integrering- og mangfoldsdirektoratet (IMDi)* støttar forslaget. *UiO* meiner at det vil sende eit positivt signal om at begge foreldra blir sett på som likeverdige omsorgspersonar. Ifølgje *IMDi* vil forslaget ha positive effektar på integrering av kvinner med innvandrarbakgrunn.

Enkelte høyringsinstansar har òg trekt fram verknaden forslaget vil ha for barn sin sjanse til å få ein god relasjon til begge foreldra. Etter *Norsk psykologforening* sitt syn, er tredeling eit universelt tiltak som kan bidra til å fremje barn og unge si psykiske helse. Dei skriv at forskingslitteraturen indikerer at begge foreldra si deltaking i det første leveåret til barnet, betyr mykje for at barnet skal utvikle seg best mogeleg.

Av dei høyringsinstansane som ikkje støttar forslaget, er det 4 som særleg viser til at det vil gjere det vanskelegare for kvinner å amme i tråd med nasjonale retningslinjer. Dette gjeld *Nasjonalt kompetansetjeneste for amming (NKA)*, *Ammehjelpen*, *Jordmorforbundet* og *Helsedirektoratet*. Dei meiner alle at forslaget truleg vil føre til endå større nedgang i ammeperioden, med negative konsekvensar for både barn og mødrer si helse.

*NKA* og *Ammehjelpen* meiner at nedgangen i ammeperioden vil føre til at regjeringa ikkje vil nå

si eiga målsetting om å auke andelen som fullammar. *NKA* skriv:

«Dermed vil regjeringen neppe nå sin egen målsetting om å øke andelen som fullammer til 6 måneder fra 17 prosent til 25 prosent og andelen som ammer ved 12 måneders alder fra 36 prosent til 50 prosent, jfr. Regjeringens handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen (2017–2021). Etter at mors mulighet for lønnet permisjon ble redusert i 2009, sank andelen som ammet sine barn ved 12 måneders alder fra 45% i 2007 til 35% i 2013.»

*Helsedirektoratet* er bekymra for at forslaget ikkje vil gjere det mogleg for kvinner å amme i tråd med direktoratet sine tilrådingar, jf. *Nasjonalt Faglig retningslinje for spedbarnsernæring (2016)*. Direktoratet tilrår at spedbarn bør verte fullamma i dei første seks månadene, deretter starte med fast føde. Ifølgje tilrådingane bør morsmjølk likevel vere den viktigaste maten for barnet i heile det første leveåret. Direktoratet skriv følgjande i høyringssvaret sitt:

«For å opprettholde en slik melkeproduksjon, er det nødvendig at mor har nærhet til barnet. Produksjon av morsmelk stimuleres av at barnet dier. Hvis det går for lang tid mellom hver amming, slik tilfellet vil være hvis mor går tilbake i jobb, vil melkeproduksjonen raskt synke. [...] Redusert mulighet for nærhet til barnet og synkende melkeproduksjon vil medføre at en større andel slutter å amme før barnet er ett år gammelt.»

[...]

«Det bør legges til rette for at barn kan ammes i hele første leveår, i tråd med Helsedirektoratets anbefalinger og regjeringens handlingsplan for bedre kosthold.»

*Jordmorforbundet* uttalar at dei ikkje kan støtte forslaget, og skriv:

«Helsedirektoratet og Nasjonalt Ammesenter i Norge presiserer at mor må ha minst 8 måneder permisjon etter fødsel for å følge nasjonale anbefalinger for amming, og da må delingen av foreldrepermisjonen ha dette som utgangspunkt. Med den nye ordningen vil mor kun ha 7 måneder permisjonstid, og dermed kan ikke Jordmorforbundet anbefale tredelingen.»

Somme høyringsinstansar tar opp forholdet til retten til ammefri, som skal gjere at kvinner kan

amme sjølv om dei er tilbake i jobb. *Unio* meiner departementet burde ha drøfta om tida er moden for å sikre lønnskompensasjon ved ammeфри. *Ammehjelpen* fortel at dei erfarer at mange mødrer har vanskar med å få fri til å amme, noko som fører til at enkelte vel å amme barnet i mindre grad, eller sluttar heilt når dei startar å jobbe.

*Ammehjelpen*, *UiO* og *Finans Norge* har peika på at forslaget kan ha som konsekvens at fleire kvinner vil ta permisjon utan lønn.

### 3.6 Departementet sine vurderingar og forslag

Foreldrepengeordninga er viktig for å sikre barn ein god og trygg start i livet, og for at mødrer og fedrar kan kombinere omsorga for barnet med yrkesaktivitet.

I regjeringa si politiske plattform kjem det fram at regjeringa vil at «foreldrepermisjonen deles i tre like deler». Departementet har tolka dette som at den betalte stønadsperioden etter folketrygdloven skal verte delt i tre like delar, jf. Prop. 74 L (2017–2018). Forslaga medfører ikkje endringar i føresegna om foreldrepermisjon i arbeidsmiljølova.

Som første ledd i arbeidet med å tredele stønadsperioden, blei mødre- og fedrekvoten utvida frå 10 til 15 veker frå 1. juli 2018. Endringa har medført at stønadsperioden er delt i tre like delar når foreldra vel uttak av foreldrepengear med full sats, ved at kvar av foreldra har 15 veker øymerkt til seg og fellesdelen er på 16 veker. For å oppnå det same når foreldra vel uttak av foreldrepengear med redusert sats, må ein innføre eigne delar øymerkt kvar av foreldra på 19 veker slik at fellesdelen blir 18 veker. Dermed vil stønadsperioden verte delt i tre like delar uavhengig av om foreldra vel uttak med full eller redusert sats.

Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at storleiken på fedrekvoten er avgjerande for kor mange veker med foreldrepengear fedrar tek ut. Forslaget vil derfor mest sannsynleg føre til at fedrar vil ta ut fleire veker med foreldrepengear, med den følgjen at stønadsperioden vert jamnare fordelt mellom foreldra, òg ved redusert sats. Fleire av høyringsinstansane har trekt fram at forslaget dermed vil ha positive effektar på likestilling i familie- og arbeidslivet. Dette gjeld særleg fagforeiningar og representantar for partar i arbeidslivet.

Departementet er samd i dette. Forslaget tek òg omsyn til at kvinner og menn bør ha omtrent like langt fråvær frå arbeidet ved fødslar. I

t tillegg vil eit større uttak av foreldrepengear for far bidra til at far kan etablere ein god kontakt med barnet i det første leveåret og utvikle viktig omsorgskompetanse. Ved at perioden vert delt i tre like delar òg ved redusert sats, vert det signalisert at foreldra er likeverdige omsorgspersonar.

Omsyna som talar for å utvide mor sin del og far sin del, gjer seg særleg gjeldande ved redusert uttak, ettersom det er ein lengre periode som skal verte delt mellom foreldra.

Eit argument som har vore brukt mot å utvide far sin del av stønadsperioden, er at det står i vegen for mor si høve til å følgje dei offentlege tilrådingane om amming. Når det gjeld amming, viser departementet til Helsedirektoratet si faglige retningsline for spedbarnsernæring. Her står følgjande om lengda på fullammingsperioden:

«Eksklusiv amming i omkring seks måneder anbefales av de fleste offisielle organer, inkludert Den amerikanske barnelegeforeningen (AAP 2008 og 2012), Det europeiske mattrygghetsorganet (EFSA 2009), Den europeiske barnelegeforeningen (ESPGHAN 2008 og 2009), Den britiske vitenskapskomiteen for ernæring (SACN 2011) og Verdens helseorganisasjon (WHO). EFSA og ESPGHAN har imidlertid ikke funnet noen ulemper ved å starte med tilleggs kost i tillegg til morsmelk, i alderen fire til seks måneder i Europa.»

I tillegg står det at når barnet er seks månadar, bør det få anna mat i tillegg til morsmjølk/morsmjølkstatning, og at dette bør verte introdusert gradvis i takt med barnet sitt behov og signal. Morsmjølk og anna mat må bli tilpassa kvart barn og kvar mor.

Dersom foreldra vel uttak av foreldrepengear med redusert sats, er 19 veker med foreldrepengear øymerkt mor (knappt 4 og ein halv månad), i tillegg har foreldra 18 veker som dei kan dele fritt mellom seg. Det betyr at dersom foreldra ønskjer at mor skal ta ut heile fellesperioden, kan ho vere heime med barnet i totalt 37 veker, som er 8 og en halv månad. Forslaget står derfor ikkje i vegen for at foreldra kan følgje dei offentlege tilrådingane om amming.

Departementet har merkja seg at *Jordmordforbundet* i sitt høyringssvar uttalar at mor må ha minst 8 månadar med 100 prosent lønna permisjon, for at regjeringa kan nå si målsetting om betre barne- og kvinnehelse. Til det vil departementet understreke at Noreg har ei av dei rausaste foreldrepengeordningane i verda, og at lønnskompensasjonen er høg sjølv når foreldra vel uttak

av foreldrepengear med ein dekningsgrad på 80 prosent av foreldrepengegrunnlaget.

Retten til ammeferie bidrar òg til at foreldre kan følgje dei offentlege tilrådingane om amming. Retten til ammeferie er nedfelt i arbeidsmiljølova, og gir kvinner som ammer rett til å krevje fri den tida dei treng. I sitt høyringssvar fortel *Ammehjelpen* at dei erfarer at mange mødrer slit med å få ammeferie slik dei har krav på, og at fleire av den grunn sluttar å amme heilt eller delvis. *Departementet* vil oppmunde alle kvinner til å ta kontakt med Arbeidstilsynet eller bringe saka inn for Tvisteløsningsnemda, dersom dei ikkje får rett til ammeferie, slik dei har krav på etter arbeidsmiljølova.

På denne bakgrunn foreslår departementet å innføre ei eiga føresegn for uttak av foreldrepengear med redusert sats (80 prosent dekningsgrad), slik at mor får 19 veker øyremerkt til seg og far får 19 veker øyremerkt til seg. Fellesdelen som foreldra står fritt til å fordele mellom seg, blir redusert til 18 veker. Storleiken på stønadperioden etter fødsel (56 veker), vert ikkje endra. Etter departementet sitt syn, vil ei tredeling av stønadperioden ved redusert sats balansere omsynet mellom statleg styring og behovet for valfridom og fleksibilitet for familiane på ein god måte.

#### 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at forslaget om å utvide dei delane av stønadperioden som er reservert for kvar av foreldra, ikkje har konsekvensar for utgiftene til foreldrepengear. Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett på det tidlegare uttaksmønsteret, og går ut frå at endringa vil føre til at fedrane tar ut fleire foreldrepenge dagar og at mødrene tar ut færre.

Fedrar har framleis eit noko høgare opp-teningsgrunnlag enn mødrer, og vil difor i gjennomsnitt få utbetalt meir i foreldrepengear. Isolert sett inneber dette at utgiftene til foreldrepengear vil auke. Om vi ser på det tidlegare uttaksmønsteret, går departementet ut frå at ein auke i den delen av stønadperioden som er øyremerkt fedrar, vil føre til at talet på foreldrepenge dagar vert redusert, og at utgiftene til foreldrepengear vil gå ned. Grunnen til dette er at ein viss del av fedrane ikkje tar ut sin øyremerkte del av stønadperioden, og at andre berre tar ut delar av den. Foreldrepenge dagane i fellesperioden vert derimot tekne ut bortimot fullt ut. Arbeids- og velferdsdirektoratet går ut frå at desse to effektane vil vege kvarandre opp, og at

ein auke i kvotane difor ikkje vil ha budsjettverknad på sikt.

Viss omlegginga fører til at foreldra skyver uttaket av foreldrepengear ut i tid, kan det føre til ein reduksjon i utbetalingane av foreldrepengear i 2019. Basert på tidlegare endringar meiner direktoratet det er lite truleg at vi vil få ein slik effekt.

Utvidinga av dei øyremerkte delane av stønadperioden krev administrative tilpassingar og endringar i IKT-systema i Arbeids- og velferdsetaten.

Alle endringane krev administrative tilpassingar og endringar i IKT-systema i Arbeids- og velferdsetaten. Endringane kan tre i kraft 1. januar 2019. Departementet legg til grunn at dei administrative meirkostnadene kan verte handert innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Dei foreslåtte endringane kan altså verte gjennomført innanfor rammene av regjeringa sitt forslag til budsjetttramme for 2019 på kap. 2530 Foreldrepengear og kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten.

Departementet legg altså til grunn at forslaga i denne proposisjonen ikkje vil ha innverknad på budsjettet.

#### 5 Merknader til dei enkelte føresegnene

Endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd.

##### Til § 14-9

Folketrygdloven § 14-9 gjeld stønadperioden for foreldrepengear.

*Femte ledd* inneheld føresegner om tredeling av stønadperioden ved at mødre- og fedrekvoten er ulik avhengig av om foreldra vel full eller redusert sats. Etter *andre punktum* er mødre- og fedrekvoten 15 veker når foreldra vel foreldrepengear med full sats. Desse vekene er unntatt frå deling slik at fellesdelen i slike tilfelle er 16 veker. Etter *fjerde punktum* er mødre- og fedrekvoten 19 veker når foreldra vel uttak med redusert sats. Fellesdelen er i slike tilfelle 18 veker.

Nytt *sjetste ledd* vidarefører føresegna om at dei siste 3 vekene før og dei første 6 vekene etter fødselen er den delen av stønadperioden som er øyremerkt mor ved fødselen. Desse vekene er unntatt frå deling. Føresegna vidarefører òg dagens regel om at dei første seks vekene etter fødselen inngår i mødrekvoten. Mødrekvoten kan ikkje verte tatt ut før fødselen.

Noverande *sjetste ledd* blir nytt *sjuande ledd*.

*Til § 14-12*

Folketrygdloven § 14-12 inneheld føresegner om uttak kvotene.

*Første ledd* inneheld reglar om tredeling av stønadsperioden ved at storleiken på mødre- og fedrekvoten er ulik ved full og redusert sats. Sjå merknadene til § 14-9 femte ledd.

*Til § 14-14*

I *første ledd annet punktum* vert «femte ledd» endra til «sjette ledd» som følge av endringa i lovutkastet § 14-9.

*Til § 14-16*

I *andre ledd* vert «femte ledd» endra til «sjette ledd» som følge av endringa i lovutkastet § 14-9.

Barne- og likestillingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova (tredeling av foreldrepengeperioden ved 80 prosent uttak).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova (tredeling av foreldrepengeperioden ved 80 prosent uttak) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i folketrygdlova (tredeling av foreldrepengeperioden ved 80 prosent uttak)

#### I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir det gjort følgende endringer:

§ 14-9 femte ledd skal lyde:

Stønadsperioden kan deles mellom foreldrene når begge fyller vilkårene for rett til foreldrepenger etter § 14-6. *Når foreldrene velger full sats, er 15 uker forbeholdt faren (fedrekvoten) og 15 uker forbeholdt moren (mødrekvoten). Disse ukene er unntatt fra deling, se § 14-12. Tilsvarende er 19 uker forbeholdt hver av foreldrene når de velger redusert sats.*

§ 14-9 nytt sjettede ledd skal lyde:

*Unntatt fra deling er de siste 15 stønadsdagene (3 ukene) før og de første 30 stønadsdagene (6 ukene) etter fødselen, som er den delen av stønadsperioden som er forbeholdt moren ved fødsel. De første 6 ukene etter fødsel som er forbeholdt moren, inngår i mødrekvoten. Mødrekvoten kan ikke tas ut før fødsel.*

Sjettede ledd blir nytt sjuande ledd.

§ 14-12 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Dersom begge foreldrene fyller vilkårene for rett til foreldrepenger, er 75 stønadsdager

(15 uker) av stønadsperioden forbeholdt faren (fedrekvoten) og 75 stønadsdager (15 uker) av stønadsperioden forbeholdt moren (mødrekvoten) når foreldrene velger full sats. Ved redusert sats er 95 stønadsdager (19 uker) tilsvarende forbeholdt hver av foreldrene.

§ 14-14 første ledd annet punktum skal lyde:

Både ved førsel og adopsjon skal det gjøres fratrukk for den delen av stønadsperioden som er forbeholdt moren etter fødselen, jf. § 14-9 sjettede ledd.

§ 14-16 andre ledd skal lyde:

Unntatt fra gradert uttak er den delen av stønadsperioden som er forbeholdt moren, se § 14-9 sjettede ledd.

#### II

Lova trer i kraft 1. januar 2019. Lova gjeld for tilfelle der uttaket av stønadsperioden startar 1. januar 2019 eller seinare.







